

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021

### Spørsmål:

*«Om framdrift for Atløysambandet*

*Atløysambandet er eit ferjeavløysingsprosjekt på fylkesvegnettet i Askvoll kommune, som ligg inne i økonomiplanen til Vestland med føresett oppstart i 2024. Det er avsett planleggingsmidlar til prosjektet i 2021, for å kome raskt i gang med naudsynte avklaringar (KS2, avklaring av årlege statlege bidrag gjennom den nye og reviderte ferjeavløysingsordninga, etc).*

*Eit viktig poeng knytt til Atløysambandet er vidare at dagens ferjesamband etter planen skal ut på nytt anbod i 2024. Det vil ved eit nytt anbod vere krav om el-ferje, med dei ekstra investeringane det fører med seg både på ferjemateriell og kaier. Det er difor viktig raskt å få ei heilskapleg sak som gjer greie for dei økonomiske rammevilkåra knytt til gjennomføring av Atløysambandet - både med statlege finansieringsbidrag og «alternativkostnader» for fylket dersom ein må til med nytt ferjeanbod frå 2024.*

*Kan fylkesordføraren gjere greie for status når det gjeld arbeid i Vestland fylkeskommune med Atløysambandet, for raskast råd å få på plass nødvendige avklaringar om gjennomføring av prosjektet som føresett i vedteken økonomiplan?»*

### Svar frå fylkesordføraren:

I Retningsliner for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer er det krav om at det skal gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av større prosjekt før ein søknad om ferjeavløysingsmidlar kan behandlast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Vestland fylkeskommune har vore i kontakt med KMD for å avklare kva krav som vert stilt til ei ekstern kvalitetssikring i denne samanhengen. KMD har opplyst at kravet om ekstern kvalitetssikring inneber ein gjennomgang av styringsunderlag og kostnadsoverslag for prosjektet.

Vi er no i gang med utarbeiding av naudsynt underlag og dokumentasjon. Når dette er klart vil prosessen med ekstern kvalitetssikring bli starta opp.

Når resultatet av den eksterne kvalitetssikringa er klar vil det bli lagt fram sak til fylkestinget om søknad om ferjeavløysingsmidlar. Truleg vil heile 2021 gå med til arbeidet med ekstern kvalitetssikring, slik at ei sak om ferjeavløysing først vil vere aktuell i 2022.

Det er sett av 1 mill. kr i investeringsbudsjettet i 2021 til prosjektet. Denne løyvinga vil bli nytta til ekstern kvalitetssikring. I økonomiplanen er prosjektet ført opp med ei løyving til oppstart på 10,3 mill. kr i 2024.

Konklusjonen er at vi avhengig av å få gjennomført den eksterne kvalitetssikringa før vi kan gå vidare med prosjektet. Dette arbeidet er som nemnt i gang.